



Adresseinformasjon fylles inn ved
ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 22.09.2021

Vår ref: 21/02807-3

Dykkar ref:

Høyringssvar frå Møre bispedømmeråd vedr. nye reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett

Ved utsending av høyringsbrev og høyringsnotat fortener kyrkjerådet denne gongen språkleg ros. Høyringsdokumenta er sendt i begge målformer! Nynorsken som er nyttar er lettfatteleg og god og bispedømmet ser fram til at denne praksis blir vidareført!

Møre bispedømmeråd har i møte 20. september 2021 vedatt følgjande høyringsuttale i høyring om reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett:

Høyringsspørsmål

1) Støttar høyringsinnstansen forslaget om å skilje ut reglane om val av prest og lek kyrkjeleg tilsett frå kyrkevalreglane?

I dag er alle kyrkevalreglane samla i eit regelsett. Valreglane er sett saman av reglane for val av sokneråd, bispedømmeråd og for Kyrkjemøte. Høyringsdokumentet tar no til orde for å dele kyrkevalreglane opp i 3 ulike regelsett, slik at det blir eit sett reglar for soknerådsval og val av prest og lek tilsett til bispedømmeråd/kyrkjemøte, eit anna for val av bispedømmeråd og eit tredje regelsett med dokumentreglar for Kyrkjemøtet. Grunngivinga er for det meste pedagogisk, der ein ser for seg at reglane same organet lyt ta stilling til er samla på ein stad. Ved ei slik oppsplitting får ein betre oversikt over dei ulike vala, noko som på sikt kanskje kan føre til større oppslutning.

På denne bakgrunn støttar bispedømmerådet forslaget om å skilje ut reglane om val for prest og lek kyrkjeleg tilsett frå dei andre kyrkevalreglane.

2) Støttar høyringsinnstansen forslaget om at val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til bispedømmeråd og Kyrkjemøte blir gjennomført som heildigitalt val?

Dersom bispedømmerådet svarar ja på dette høyringsspørsmålet, lyt ein i tillegg til å utvikle ordning for digital valgjennomføring, også utvikle reglar for korleis ein skal handtere situasjonen dersom digitalt val ikkje let seg gjennomføre eller berre delvis let seg gjennomføre. Kyrkjerådet sitt framlegg til reglar (kapittel 6, § 6) legg til grunn at det blir oppretta eit nasjonalt internettvalstyre som administrerer valet og som tar stilling til **om** valet

kan gjennomførast digitalt, eller om ein også lyt opne for postval og om dette skal erstatte det digitale valet eller om det skal supplere det.

Det kan tenkjast at digitalvalet ikkje let seg gjennomføre av grunnar vi ikkje kjenner til (t.d. datautfordringar). Samstundes trur høyringsinnstansen at digitalval er framtida si ordning og at risiko for at valutfordringar ikkje skal hindre ein i å ta i bruk ny teknologi for å gjennomføre valet. «Back-up»-reglane om postval er på mange vis lik valordninga slik denne er i dag. Denne valordninga er innarbeidd i bispedømma og kan brukast dersom den digitale valet ikkje eller berre delvis let seg gjennomføre. Møre bispedømmeråd føl kyrkjerådet si tilråding og seier difor ja til heildigital gjennomføring av valet.

3) Har høyringsinnstansen merknader til forslaga om beredskapsprosedyre og reglar for omval ved ekstraordinære hendingar?

Dersom digitalt val ikkje let seg gjennomføre, trer reglane for postval inn. Skjer dette blir ansvaret for gjennomføring av valet overført frå internettvalstyret til bispedømmet sitt valråd som lyt gjennomføre etter reglane i § 6-2 og § 6-3. Desse reglane er i hovudsak henta frå gjeldande reglar for valgjennomføring. Ei viktig endring, grunna tidsfaktoren, er at kunngjering, informasjon og utsending av røystesetlar skjer på ulike kanalar for internkommunikasjon i staden for pr. post. Valrådet har ansvar for gjennomføring av dei ulike kyrkjevala og vil ha høg beredskap i dagane før og etter valet. Dersom heildigital valgjennomføring ikkje let seg gjennomføre, kan valrådet på kort tid også overta ansvar for gjennomføring av postval i val av prest og lek kyrkleig tilsett til bispedømmeråd/Kyrkjemøte. Møre bispedømmeråd har ikkje merknader til forslaga om beredskapsprosedyre og reglar for omval ved ekstraordinære hendingar.

4) Har høyringsinnstansen merknader til regelforsлага om preferanseval eller fleirtalsval.

Sjølv om Møre bispedømmeråd gjekk inn for å gjennomføre valet som fleirtalsval, etter tilråding frå kyrkjerådet, ser ein at fleirtalet av høyringsinnstansane støtta opp om å gjennomføre valet som preferanseval. Bispedømmerådet held framleis fast på overtydinga om å gjennomføre valet som fleirtalsval, men har likevel ikkje merknader til regelforsлага om preferanseval eller fleirtalsval.

5) Har høyringsinnstansen merknader til forslaga om nye fristar?

Møre bispedømmeråd samstemmer i vurderingane om fristar og justering av desse og har ikkje merknader på dette punkt.

6) Har høyringsinnstansen merknad til forslaget om skjæringsdato.

Møre bispedømmeråd ser at det er utfordringar knytt til kvalitetssikring av valmannatalet i feriemånaden juli, men vil likevel av pedagogiske grunnar leggje til grunn samme skjæringsdato som ved soknerådsval. Bispedømmerådet går difor imot tilrådinga frå kyrkjerådet og går inn for at skjæringsdato for manntalet blir lagt til 30 juni.

Med helsing

Bjørn Olaf Storhaug
stiftsdirektør

Arvid Helle
leiari kyrkjefagaavd.

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Høyringssvar frå Møre bispedømmeråd vedr. nye reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett

Kopi til:

KR - Juridisk seksjon, Margit Aas Onstein	Postboks 799 Sentrum	0106 OSLO
---	-------------------------	-----------

Mottakarar:

Kirkerådet	Postboks 799 Sentrum	0106 OSLO
------------	-------------------------	-----------